



Elevar frå vaksenopplæringa vitja Marit Hjørnevåg på Hjørnevåg-standen. Vi ser Barbara, Agnes og Agnieszka, alle tre frå Uskedalen og Polen saman med Mei frå Husnes og Kina.

Onsdag vart det arrangert yrkesmessa i Husneshallen. Arbeidsplasser i Kvinnherad og utdanningsinstitusjonar frå fjern og nær vart presentert for besøkjande. Publikum kom frå ungdomsskulane i kommunen, frå Kvinnherad vidaregåande skule og frå vaksenopplæringa i Kvinnherad.



Ståle Hallingstad presenterte Eidsvik Skipsbyggeri saman med to unge kvinnelege medarbeidarar.

Uskedelingane var godt representert både blant publikum og mellom utstillarane. Både Eidsvik Skipsbyggeri AS og Hjørnevåg hadde standar der dei presenterte sine bedrifter. Elles representerte fleire uskedelingar andre utstillarar. Vi registrerte m.a. Jan Berntsen(Reins Maskinering), Frøydis Nilsen Mathisen(Noreq) og Lene Bergstø(Fagforbundet).



Monica Helen S. Kårstad, Margareth Sæle og Dag Rune Myklebust fulgte interessert med då den tidlegare toppfotballspelaren Svein Hammerø(m.a. Viking) fortalde om tilbodet ved Haugesund Toppidretts Gymnas.



Anders Eidsvik viste stor interesse for tilbodet ved Helse- og Sosialfag.

I tillegg presenterte Knut Gilberto Sæbø, saman med lærarar, Fusa vidaregåande skule og TAF-tilbodet deira. Knut G. fortalde at elevane var svært fornøgd med dette tilbodet. Opplæringa føregår delvis i bedrift og delvis på skulen i Eikelandsosen. Sjølv jobbar han ved HMR i Prestnes. Dette vidaregåande tilbodet går over fire år, men så får dei både i pose og sekk når dei avsluttar: dei får både spesiell studiekompetanse og fagbrev. Det er eit heller arbeidskrevjande tilbod, og Knut G. fortalde at elevane på messa hadde vist stor interesse for dette spennande og gode tilbodet.



Aleksander Rebaudo får informasjon om tilbodet ved Universitetet i Stavanger.

Kvinnherad vidaregåande skule har og søkt om å få opprette TAF-tilbod. Nyleg mottok dei svært positive signal, og derfor er det godt håp om at vi kan få dette gode utdanningstilbodet her i kommunen.

Det vart sagt at messa i år var den beste som har vore arrangert på Husnes. I tillegg til utstillingane var det og andre innslag. Nyerektoren på KVV, Audun Bjelland, heldt ein god tale, og dansarar frå kulturskulen imponerte publikum med dansenummer.

Av:Thor Inge Døssland.



Mange var interessert i å høyre om TAF-tilbudet ved Fusa vgs. Knut Gilberto Sæbø kunne fortelja om eit godt tilbud.